



Frå heile landet til grillen på Dønhaug: Ragna Breines frå Tromsø, Tone Erdal frå Bergen, Alice Bakkevig frå Haugesund. Kjetil Brekke frå Bergen og Geir Asle Tafjord frå Hallingdal

Overnattingskapasiteten på Dønhaug er utruleg stor hvis ein legg godviljen til. Det vert understreka sterkt denne helga ettersom det er 40 gjester som bur der og søv i telt, låve og bilar. Dei er, for femte gongen, deltakarar i Dimmelsviktreffet som er ei samkome for dei som driv med paragliding. Denne gongen er det rekord-deltaking. Men fykinga går føre seg frå Kvitegga i Dimmelsvik. Då vi ikveld ville veta kvifor Nåsø ikkje var god nok var svaret at det er for langt å gå til startstaden.

Fykarane var svært nøgde etter ein fantastisk dag mellom himmel og jord. Dei hadde hatt utruleg velvillige vergudar på si side og gledde seg stort til laurdag og eventuelt sundag.

Dei kjem nærmast frå alle kantar av landet - vi noterer i alle fall Bergen, Rogaland, Hallingdal, Kongsberg og Tromsø. At dei kjem til oss for å fyka er svært smigrande og må kallast turistreklame på det beste. Ifjor vart treffet rett nok avlyst på grunn av vertilhøva, men i år vert det retta opp att skikkeleg. Imorgon er deltakarane tidleg på beina. - ein viktig førebuing er å finna startpunkta - ved hjelp av GPS.

Dei prisar også Dønhaug.- Her bur vi billig og sosialt, seier ein frå Austlandet.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen



Kveldsmat i varmande sol i april!